



NR 1, 2019 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 87. ÅRG



I dette nummeret kan du lese om:

- Kyrkjevalet 2019
- Bispevisitas
- Kyrkjebø kyrkje 150 år
- Aftansong med Lavik Kantori
- Teater i Bjordal kyrkje
- Fasteaksjonen 2019

God påske!

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø,
Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn.

I redaksjonen:

Bjørnar Otterstein, Runar Matsui-Li og Andreas Ester

Layout: Bjørnar Otterstein

Pengegaver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659

Trykk/oppsett: Husabø Prenteverk

Påska og fjellet

Eg hugsar at eg for mange år sidan intervjuar ein flokk med teologistudentar. Eg skulle skrive ein artikkel til Helgestunder om påskefeiring. Eg ville vite korleis desse studentane skulle feire påske. Samtlege av dei skulle på fjellet og nyte påska med hytteliv og skigåing. Eg var litt forundra, for eg hadde tenkt at komande prestar ville prioritere å gå i kyrkja i påska. No hadde nok nokre av dei sett for seg at det ville vere råd å kome til ei fjellkyrkje eller til ei friluftsgudsteneste ein av påskedagane, men det var ikkje dette som hadde første prioritet.

Vi må nok innsjå at den norske påska er spesiell, og heilt annleis enn i for eksempel Brasil og på Filippinane, der påska er eit drama i det offentlege rommet. Her fell den kristne påskehøgtida tilfeldigvis saman med den beste skisesongen og utfartshelga. Dette må vi berre ta som eit faktum og innrette oss deretter. Kyrkja bør vere der folket er. No skal ein ikkje gløyme at det framleis er att nokre fastbuande i bygd og by, og at stille konsentrasjon rundt påska sitt evangelium i kyrkja er noko av det finaste ein kan oppleve gjennom kyrkjeåret, men det går også an å tenkje nytt om påskeforkynninga.

På skjærtorsdag samla Jesus læresveinane til det siste måltidet – ikkje i tempelet eller synagogen, men i eit loftsrom i eit tilfeldig hus. Kvifor ikkje feire nattverd i ei fjellhytte, i eit telt eller i ei solvarm skråning?

På langfredag bar Jesus krossen sin gjennom dei folkerike gatene i byen. Kvifor ikkje bære ein stor bjørkekross med salmesong langs løypa eller skibakken eller rasteplassen i fjellet, midt i det yrande ferielivet?

På påskedag stod Jesus opp frå dei døde på ein offentlig gravplass. Kvifor ikkje feire Jesus si oppstode på ein fjelltopp påskemorgon medan sola stig opp over horisonten? Påska var ei utfartstid også den tid Jesus levde. Ikkje på grunn av han, men på grunn av gamle jødiske tradisjonar. Men Jesus gjorde si gjerning der folket hadde stimla saman. Der bør kyrkja vere også i dag når vi feirar påske!

Geir Sørebo

www.hoyanger.kyrkja.no

Høyanger kyrkjekontor

Dalevegen 4. Pb. 159
6991 Høyanger
Telefon: 57 71 41 00
post@hoyanger.kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik
Telefon: 57 71 41 00
post@hoyanger.kyrkja.no

Kontorsekretær: Katarina Vattekar

Telefon privat: 97589655
post@hoyanger.kyrkja.no

Prost: Reidar Knapstad

Kyrkjevegen 23, 6809 Førde
Telefon kontor: 57 82 81 80
Direkte innval kontor: 57 82 81 83
Mobil: 97 56 82 20
E-post: reidar.knapstad@fordekyrkje.no

Sokneprest: Runar Matsui-Li,

6993 Høyanger
Telefon kontor: 57 71 41 00
Mobil: 48 89 00 86
E-post: runar.matsui-li@hoyanger.kyrkja.no

Sokneprest: Andreas Ester,

6947 Lavik
Telefon kontor: 57 71 41 00
Mobil: 45 22 17 37
E-post: andreas.ester@hoyanger.kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog: Toril Lange,

6947 Lavik
Telefon kontor: 5771 4100
Mobil: 922 40966
E-post: toril.lange@eninvest.net

Kyrkjeverje: Bjørnar Otterstein

Kyrkjekontoret i Høyanger
Telefon privat: 57 71 32 23
Telefon kontor: 57 71 41 00
Mobil: 91 76 38 03
E-post: bjornar.otterstein@hoyanger.kyrkja.no

Kantor: Gerda Otterstein

6993 Høyanger
Mobil: 94 18 67 09
E-post: gerda.otterstein@gmail.com

Leiarar av sokneråda:

B og O: Øyvind Rømo 48161729
Lavik: Geir Ytredal 48121513
Kyrkjebø: Audun Digranes 91746841
Høyanger: Marte Igelkjøn 99490121

Leiar kyrkjeleg fellesråd:

kartangvik@gmail.com
Audun Digranes 91746841

Kyrkjetenarar

Høyanger: Heike Müller tlf. 99398497
Kyrkjebø: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 7
Vadheim: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 7
Lavik: Bjarne Hellebø tlf. 97 75 10 21
Olav Hellebø tlf. 90 08 49 12
Audun Engedal tlf. 41563628
Bjordal: Norvald Bjordal tlf. 97 12 01 27
Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 41 10 05 87

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40

«Drikk alle av det!»

(Matt 26,27)

Då eg var ung teologistudent hadde eg ei spesiell oppleving. Ein av professorane på MF hadde invitert alle studentane sine til gjestebod heime hjå seg. Eg trur det var rundt 30 av oss som hadde skrive oss på lista og bekrefte invitasjonen. Og då kvelden kom hadde professoren og kona dekkja langbord og diska opp med den beste maten. Men gradvis vart det klart at kvelden vart ein fiasko. Ingen andre enn eg møtte fram av dei inviterte gjestene. Gryterett for 30 personar vart i meste laget for meg åleine.

Eg tenkjer av og til på denne opplevinga når vi i kyrkja lagar til festmåltid for 100 personar. For nattverden er eit festmåltid. Kor mange av dei inviterte gjestene vil møte fram i dag? For alle kyrkjelyden sine medlemmer er inviterte.



Jesus tok med seg alle disiplane sine til det siste måltidet. Han laga til brød og vin. Han løfta opp brødet, takka Gud, braut det og gav det til disiplane og sa: «Ta imot og et! Dette er min kropp.»

Og han tok eit beger, takka, gav dei og sa: "Drikk alle av det! Dette er mitt blod, paktblodet, som blir utrent for mange så syndene blir tilgjevne.»

Når Jesus sa: «Drikk ALLE av det!» - så var disiplane første adressat. Men i andre omgang er dette adressert til alle som trur på han til alle tider. Alle vert invitert til gjestebodet.

Til dei same disiplane sa Jesus nokre minuttar seinare: «I natt kjem de alle til å falla ifrå og venda dykk bort frå meg». Dette kan også passe på oss. Vi er langt frå perfekte kristne. Men alle er inviterte til gjestebodet rundt Jesus. Ikkje minst i påska.

Geir Sørebo

Kyrkje- valet 2019

Sett ditt preg på kyrkja di!

Det er kyrkjeval (8. og 9. september 2019). Du er hermed invitert til å vere med og skape kyrkja i framtida! Vil du stille til val?

I kyrkja skal det vere rom for alle. Eit stort rom. Høgt til taket. Sterkt fundament. Nye impulsar. Gode tradisjonar. Ulike meiningar. Ulike vegar til tru. Kyrkja byggjer fellesskap der du bur. Vêr også du med å ta ansvar for fellesskapen og for kyrkja di!

Kven vil styre kyrkja vår?

Det er kyrkjeval (8. og 9. september 2019). Du er invitert til å vere med på å skapa framtidens kyrkje! Vi treng nettopp din innsats!

Rekk opp handa sjølv, eller finn fram til folk du trur kan vere viktige i lokalkyrkja di. Vi vil samarbeide for at fleire opp dagar det store og gode ved å gje av si tid til det som byggjer fellesskap. Ved kyrkjevalet skal det veljast 8000 rådsmedlemmer til å leie arbeidet i kyrkja. Hugs å gje stemma di på valdagen.

Bli med!

Du trengst til den viktigaste oppgåva i dagens Noreg: Å skape sterkare fellesskap i bygd og by. Mange tendensar bryt ned fellesskapen mellom oss. Vi treng å engasjere oss for å motarbeide isolasjon og splitting.

Vi må jobbe fram ein motkultur mot alle teikn som tyder på forakt for veikskap. Vi vil støtte det som fremjar respekten for Guds skaparverk. Vi ynskjer å visa respekt for kvart enkelt menneske, slik Jesus såg og høyrde den enkelte. Kyrkja gjev mange høve for engasjementet ditt. I møta med folk i nabolaget ditt kan haldningane dine og det du gjer, bety mykje.

Soknerådet skal oppnemne ein nominasjonskomité som skal nominere kandidatar. Det er i tillegg høve for andre til å levera inn eigne kandidatlistar. Alle kandidatlistar er sett opp i prioritert rekkjefølgje. Til dei regionale bispedømerådsvala vil det finnast listar frå ein nominasjonskomite. Denne består av éin medlem frå kvart prosti i bispedømet etter avstemming i eit valmøte der kvart sokneråd sender representanten sin. Også andre nomineringsgrupper kan stille listar.

Kva gjer soknerådet?

Soknerådet leier verksemda til kyrkjelyden der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di. Arbeidet til kyrkjelyden spenner over mange tema – m.a. gudsteneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, miljø og rettferd, og dessutan jus og økonomiforvaltning.

Her er nokre døme på soknerådet sitt ansvarsområde:

- Trusopplæring blant døypte mellom 0 og 18 år
- Diakonalt arbeid (omsorgstenesta til kyrkja)
- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Langsiktig planlegging av arbeidet til kyrkjelyden
- Ofringar
- Utleige av kyrkja
- Uttalerett ved tilsettingar av prest, prost og biskop
- Samarbeid med frivillige

Soknerådet har 4–10 medlemmer. Medlemene har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn, og mange er òg aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet. Soknerådet møtest 2-5 gonger i halvåret. Medlemmane vert valde for fire år.

Ei undersøking blant soknerådsmedlemmar viste at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meningsfylt å vere med i soknerådet. 85 prosent synest vervet er meir eller like tilfreds-stillande som dei hadde forventa.

Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet:

1. Du bidreg til å halda lokalkyrkja levande
2. Du vert del av ein kristen fellesskap
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapen
4. Du kan sørgje for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge
5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
7. Du kan sørgje for at kyrkja di er ei open og inkluderande kyrkje
8. Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
9. Du får nyttig styrerøynsle som du kan bruka i andre samanhengar
10. Du kan oppdaga nye sider ved deg sjølv

Kva gjer kyrkjeleg fellestråd?

Kvart av sokna i kommunen har to representantar i kyrkjeleg fellestråd, eit råd som har ansvar for administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna, slik som td: Bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer, anlegg, drift og forvaltning av gravplassaer, oppretting og nedlegging av stillingar som vert løna over fellestrådet sitt budsjett, anskaffelse og drift av kyrkjekontor, anskaffelse av lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring m.m. Kyrkjeleg fellestråd har arbeidsgjevaransvaret for alle dei kyrkjeleg tilsette (utanom prestane.) Kyrkjevevja er tilsett som dagleg leiar av fellestrådet si verksemd, og utøver fellestrådet sitt mynde etter delegert fullmakt.

På grunn av det store feltet fellestrådet har ansvar for, er det viktig at dei som er valde til fellestrådet har allsidig og variert kompetanse. Her er det behov for alle yrkesgrupper, og dersom du blir med i dette viktige arbeidet skal du få nok å gjere! Vi ber om at du blir med og tar tak for ei god sak!

Bjørnar Otterstein, kyrkjevevja

BISPEVISITAS

Biskop i Bjørgvin, Halvor Nordhaug held visitas i Høyanger sokn og Kyrkjebø sokn i tidsrommet 5.-7.og 10. mars 2019. Ein bispevisitas er eit rettsleg ordna besøk av biskopen for å utøva kyrkjeleg tilsyn. Visitas er eit møte mellom kyrkjelyd og biskop, der biskopen vil oppmuntre og inspisere, evaluere verksemda i kyrkjelydane, synleggjere kyrkja og styrkje samarbeidet lokalt.

Utdrag av program for bispevisitasen

Tirsdag 5. mars

11:30 – 16:15 Lunch og samtalar med tilsette

19:30 – 21:00 Kulturkveld i Høyanger kyrkje

Onsdag 6. mars

09:30-10:15 Skulegudsteneste i Høyanger kyrkje, 1.-10. klasse.

17:30-18:00 Møte med soknerådsleiarane

18:00- 21:00 Samrådsmøte med råd og tilsette i Høyanger bedehus.

Torsdag 7. mars

09:00 – 10:00 Bedriftsbesøk på Hydro

10:00 – 10:30 Møte med personale ved Høyanger sjukeheim

10:30 – 11:00 Songandakt på sjukeheimen

11:30 – 13:30 Møte med kommunen.

14:15 – 15:00 Møte med lærarar i Aulaen på Høyanger skule.

Søndag 10. mars

11:00 Visitasgudsteneste Kyrkjebø

12:30 Visitasforedrag

13:00 Kyrkjekaffi i kyrkja



Halvor Nordhaug er biskop i Bjørgvin. Han vart ordinert til prest i Fredrikstad domkyrkje i 1979, og har sidan arbeidd i ulike prestestillingar, før han vart rektor på Menighetsfakultetets praktisk-teologiske seminar i 1995. Han var der fram til han vart biskop i 2009. Biskop Halvor har besøkt Høyanger før, då han ordinerte noverande sokneprest i 2012.

Vi ønskjer biskop Halvor Nordhaug hjarteleg velkomen til visitas i Høyanger sokn og i Kyrkjebø sokn!

Sokneprest Runar Matsui-Li

«Bønnens hus Sogn» i Ortnevik

I Helgestunder nr. 3 i 2017 ønske vi Ole og Camilla Merkesvik Ådland med to born velkommen til Ortnevik, i lag med Thea Elisabeth og John Eivind Warvik. No er seks blitt til åtte, og i lag med fleire andre unge familiar, er dei med på å gjere Ortnevik til den bygda i kommunen som nett no har den beste folkeveksten!




For desse to familiare var det tru på bøn, og ein visjon om at eit gammalt hus kunne bli til eit bønehus, som førte dei frå Oslo og tilbake til Camilla sin familiegard. Det har teke eitt og eit halvt år å pusse opp huset, som i dag har

åtte sengeplassar, og frå 1. januar er utleigd til misjonsorganisasjonen Ungdom i Oppdrag.

Eg takka ja til å kome på besøk og vere med på tidebønene ein tysdag føremiddag. Opptrykt liturgi, bibel og salmebok blei delt ut, og så fekk pensjonisten vere med inn i bøna sitt mysterium, og blei rikeleg velsigna gjennom nokre timar med bøn og samtale med den yngre generasjonen. Huset er no klart til å ta i mot overnattingsgjester frå fjern og nær. Dei som kjem får tilbod om å vere med på tre daglege tidebøner, forbønstid, og ta del i praktisk arbeid. Dei kan nyte den vakre naturen, gå på tur eller rett og slett berre vere tilbake-trekt frå det stresset som ofte er i samfunnet vårt.

På si heimeside skriv dei om seg sjølve: «Bønnens Hus Sogn er et fellesskap som lever i rytmer av bønn, tilbedelse, måltid og arbeid. Bønnens hus Sogn er et sted for mennesker som trenger å komme avsides, stoppe opp og komme ansikt til ansikt med sin Skaper. Bønnens Hus Sogn er et sted for bønn og retreat.»



Gjengen i Bønnens Hus er også til glede i kyrkjelyden ved at dei deltek i gudstenester, tek ansvar for open kyrkje og er med i samlingar for ungdom. Det dei sjølv synest er viktigast er nok likevel forbøna. Vi gler oss i lag med dei og håpar opplegget i Bønnens hus vil bli til velsigning for mange i åra som kjem!
Tekst og foto: Sissel Sørebo

1869 – 2019 – KYRKJEBØ KYRKJE – 150 ÅR!

Vi er stolte av kyrkja vår, vi som bur på Kyrkjebø! Men visste du at i si tid var dette kyrkja til mest heile kommunen vår? Dei kom til kyrkja på Kyrkjebø frå Lånefjorden og Måren, frå Bjordal, Strendene og Ortnevik, frå Vadheim, Markeset og heilt til elva på Norevikane. Dei kom frå Viksdalen og Høyangsfjord, frå Berge og Klævald. Til Kyrkjebø kom dei på preike-søndagar, og der fekk dei høyre Guds ord og fekk høyre nytt frå bygdene og om slekta.

Her var det lensmann som kunne kome med opprop og her var butikk slik at ein kunne handle på heimveg. Her fekk dei gifte seg, her fekk dei døypt ungane sine og her fekk dei gravlagt sine kjære. Ikkje rart at dei måtte byggje ei stor kyrkje i 1869 for å få plass til alt folket. Lova som kom på 1850 talet sa at ei soknekyrkje måtte ha plass til minst 2/3 av folket i soknet, og den kyrkja som stod på Kyrkjebø hadde berre plass til 250 personar. Ny kyrkje vart det, og den har vorte feira både ved 70 år, 100 år, 125 år og no ved 150 år. Du kan lese meir om kyrkja si historie i eit vakkert **jubileumshefte** som kom i sal i slutten av januar 2019.

No vonar vi at det vert ei 150 årsfeiring som markerer både fortid og framtid for kyrkja vår. Vi vonar folk frå nærliggande bygder vil kome og feire saman med oss! Det handlar om lokalhistorie, kulturhistorie, kunst-historie, identitet og tru. I 150 år har kyrkja vore eit signalbygg i bygda og har samla folk i sorg og glede, samla dei som kjem til kyrkja med tru og dei som kjem med tvil, dei som kjem ofte og dei som kjem sjeldan. Kyrkja er der for oss alle. Så velkomen til å markere og jubilere!

Søndag 20. januar kl 17:00 Historiekveld med orgel, nykkelharpe og harpeleik, forteljingar om kyrkja i gammal tid og om interiøret i kyrkja. Vi syng gamle, gode salmar frå 1800 talet.

Søndag 14. april kl 11:00 Palmesøndag med 50 og 60-årskonfirmantar, og konfirmantar i 2019. Samtale om konfirmasjonsførebuing før og no. Kyrkjekaffi og gode kaker i kyrkjelydshuset ved Saniteten.

Onsdag 5. juni kl 18:00 Konsert ved m.a. Kyrkjebø skule og ungdomskorps og Kyrkjebø Ungdomslags kor, det vert også innslag frå Kulturskulen.

Søndag 6. oktober kl 11:00 Festgudsteneste på same dag som kyrkja vart innvigd i 1869. Tidlegare prestar og organistar vert inviterte. Det vert ope hus og betasuppe for heile bygda i messa på Tronvik etter gudstenesta. Det er planar om orgelkonsert i tilknytning til fest-gudstenesta i oktober.

Søndag 27. oktober kl: 17:00 Jazz-gudsteneste med gruppa «Something Else» frå Nordhordland. Dette blir ei spennande oppleving som mange bør få med seg!

Søndag 1. desember kl 17:00 Historisk gudsteneste der folk vert oppfordra til å kome i gamaldagse klede. Dersom veret er bra, vert det fakkeltog til gudstenesta frå Austreim til kyrkja. Det vert gammal liturgi og prest og klokkar er ”frå 1869”. Også her får vi med oss nykkelharpe og harpeleik.

Jubileumsnemnda består av Helga Hjetland, Finn Trædal, Irene Aase Aarseth og Inger Sundset Solås. Vi gratulerer med jubileet!



Kyrkjebø kyrkje fekk nytt orgel, og vart måla i 2018.

Aftansong i Bjordal med Lavik Kantori



Onsdag 13. februar kl.1900 var det aftansong i Bjordal kyrkje med Lavik kantori og dirigent Gerda Otterstein på piano. Liturgien var laga av Sissel Sørebo, ide og salmeval var i samarbeid med kantor. Geir Sørebo var liturg. I alt var 25 personar frammøtte. Det vart ei fin kveldsstund!

Geir Sørebo leia oss gjennom veksellesing med lyttening, før vi song den vakre salmen 104: I et skur ved Betlehem. Han delte så sine tankar om ein bibeltekst som handla om å halde fast på det ein har lært frå ein var liten, for ein veit kven ein har lært det av. Det vi trur på er ikkje eventyr som nokon har funne på, men noko som kjem frå Gud, og som fører oss til Gud. Så kom salmen 452: Du som styrer straum og vind.

Etter at vi hadde lese Frans av Assisi si bøn, song vi salmen 459: Gud er din hvile, medan dei som ville kunne tenne lys i lysgloben, eller leggje frå seg ein stein ved krossen. Etter Fader Vår song Lavik kantori fleire vakre korstykke, før Geir Sørebo takka kantor og

koret, alle dei frammøtte, og lyste velsigninga før vi song siste salme 624: Må din vei komme deg i møte! Ein av dei frammøtte var soknerådsleiar Øyvind Rømo; Korleis opplevde du denne samlinga?

«Det var ei stemningsfull kveldsstund i kyrkja, med både flott korsong og kloke ord frå Geir. Som soknerådsleiar vil eg få nytte høvet til å takke Gerda som initiativtakar til dette koret med medlemmer frå begge sider av fjorden! Me håpar å kunne gjera oss nytte av dei ved komande arrangement!»



Tekst og foto: Bjørnar Otterstein

Intervju med Katarina Vattekar.



Den faste sekretæren ved Høyanger kyrkjekontor er for tida sjukmeld, og vi måtte klare oss utan sekretær i to månader.

Men no er endeleg ein god erstattar på plass, ettersom vi har fått tilsett Katarina Maria Gulewicz Vattekar som vikar. Ho har teke eitt års permisjon frå stillinga som helsesekretær ved Høyanger legekontor, der ho har jobba i 11 år.

Vi er svært glade for at vi har fått inn ein så dyktig person til å jobbe saman med oss på kyrkjekontoret! Men kven er ho? Helgestunder ber om eit intervju:

Kan du fortelje litt om din bakgrunn?

Eg er 34 år gammal, og vaks opp på Vattekaren. Gjekk på barne og ungdomsskulen på Norevikane og i Lavik. Utdanna meg som tannhelsesekretær og helsesekretær i Førde. Tilsett dei siste 11 åra i Høyanger kommune som helsesekretær. Der har eg vore stasjonert i Høyanger, Lavik og Søreide legekontor. Bur i Høyanger.

Korleis har du opplevd overgangen til din nye jobb?

Godt, må eg sei. Har fått eit veldig godt inntrykk av mine nye arbeidskollegar og arbeidsoppgåver. Ein spennande jobb å sette seg inn i, og samtidig få høve til å vere nøyaktig med ein jobbar med. Eg tar med meg det grunnleggjande frå tidligare sekretæroppgåver, og plussar på med litt kunnskap/erfaring undervegs. Noko som eg gleder meg til å jobbe meir med er sosiale media. Det er framtidsplaner om å bruke meir aktivt her på kontoret.

Kva forhold har du til kyrkja sitt oppdrag?

Kyrkja for meg er musikk og samankomstar. Det kan vere alt frå lokale konsertar, til familiesamenkomstar som dåp og begravelse.

Er du politisk aktiv?

Eg er nok ikkje det. Skulle sikkert vore meir aktiv, men har berre ikkje blitt.

Kva med hobbyar?

Mat, helse og yoga. Eg brenn for å jobbe med kosthald, det kan vere å lære kva som er sunt å ete, eller kunnskapen bak det. For nokre år sidan fann eg yoga som treningsform. Det har hjelpt meg mykje!

Kva gjer du om 3 år?

Eg har vore dei siste åra på skulebenken. Om alt klaffar, så har eg om tre år ein Bachelorgrad i ernæring. Då kan eg sy saman kosplanar, eller gje kostråd til dei som ynskjer det.

Kvar trivst du best, fjord eller fjell?

Hmm, bra spørsmål. Fjord tenkjer eg. Eg er oppvaksen ved Sognefjorden med moglegheit til å fiske rett utanfor døra. Kven kan vel sei nei til det?

Tre ting som er viktige for deg?

Uff, berre 3 ting? Då må eg sei familien min som nr. 1. Sjølv om eg ikkje besøkjer dei så ofte, så er dei alltid med meg!
2. Mine venner er den største heilagjengen som eg veit om! Treng eg ei oppmuntring, så tek eg kontakt med dei.
3. Å utvikle meg som person. Det kan vere alt frå å starte ny jobb, til å lære meg å strikke, eller starte på ei ny etterutdanning. Ein kan ikkje slutte å lære, man må berre ta ein sjanse.

Kva er det du mislikar mest?

Det eg mislikar mest er å ha negativ energi rundt meg. Beklagar, men det kvittar eg meg med som fort eg kan!


Nytt frå kyrkjeverja

Økonomisk resultat

Rekneskapen til Høyanger kyrkjelege fellesråd 2018 er ikkje ferdig enno, men det ligg an til eit overskot. Når resultatet er klart vert dette lagt ut på Høyanger kyrkjelege fellesråd si heimeside, der Årsmelding 2018 for Høyanger kyrkjelege fellesråd alt ligg.

Jubileumsskriftet - Kyrkjebø kyrkje 150 år

Jubileumsskriftet «Kyrkjebø kyrkje 150 år» er til salgs for kr. 100,- og kan kjøpast på Joker Kyrkjebø, Høyanger Bibliotek og på Høyanger kyrkjekontor. Jubileumsskriftet kan også sendast pr. post frå Høyanger kyrkjekontor, då med tillegg av porto kr. 45,-. Betaling skjer til kto. 3705.24.53659, eller på Vipps 105987 til Kyrkjebø kyrkje. Det er eit lite opplag, så ein bør skaffe seg dette skriftet snarast!



Endra soknegrenser frå 2020 Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjorde 10. desember 2018 vedtak om at kommunegrensa mellom Høyanger og Balestrand blir justert frå 01.01.2020. Nesse grunnkrins blir då overført til Høyanger kommune. Den nye kommunegrensa skal følgje eigedomsgrensene i høg fjellet, og går ved Tusviktunnelen, slik at Sæle kyrkje og Sæle kyrkjegard frå då av vil liggje i nye Sogndal kommune.

Dei som bur på t.d. Nokken, Nessane og i Lånefjorden, vil altså frå 2020 bu i Høyanger kommune, medan den kyrkje og gravplass dei har sokna til, vil liggje i annan kommune. Det vil potensielt kunne føre til auka kostnader for pårørande, knytt til kyrkjelege tenester som t.d. gravlegging og feste av grav.

Høyanger kyrkjelege fellesråd og Balestrand Sokneråd er innstilte på at dersom folk på Nokken, Nessane og i Lånefjorden framleis ynskjer å nytte Sæle kyrkje og gravplass til kyrkjelege tenester og til kyrkjeleg gravlegging, skal dette kunne skje utan meirkostnader for innbyggjarane. Det vert gjort ein skriftleg avtale mellom Høyanger kyrkjelege fellesråd og Balestrand sokneråd som tek hand om det økonomiske oppgjeret i desse tilfella.

Minnegåve ved Johan Kyrkjebø si bære

I samband med gravferda til Johan Kyrkjebø kom det inn kr. 8 500,- som jubileumsgåve til Kyrkjebø kyrkje sitt 150 års jubileum. Kyrkjebø sokneråd takkar for denne store minnegåva!

Krise og beredskapsplanar

Etter initiativ frå Kirkerådet vart det den 31. januar 2019 avvikla ein kyrkjeleg fagdag på Gardermoen. Fagdagen tok sikte på å bevisstgjere kyrkjelege leiarar som prostar og kyrkjeverjer på kva ein bør tenkje gjennom for å kunne handtere større kriser og større ulukker. Kyrkjeverja i Høyanger deltok på fagdagen, og den var både nyttig og tankevekkande.

Teaterframsyninga «Maria Magdalena – Jesu virke»



«Maria Magdalena – Jesu virke» er nummer to i trilogien om Jesus. Avisa Fjordingen skreiv i 2018 om framsyninga: *«Ei overtydande og kjenslevår og vakker førestilling. Der skatten din er, vil også hjartet ditt vere. Den største skatten var å følgje Jesus.»* Forfattaren Håvard Rem tek oss med på ei reise tilbake i tid, til den tida då Jesus – og Maria Magdalena – vandra på jorda. Gjennom monologen, som Reidun Melvær Berge så mesterleg framfører, får vi vere med Maria Magdalena. Vi får oppleve miljøet, og høyre om dei hendingane som vi kjenner så godt frå Det nye testamentet, gjennom ei kvinne sine auge.»

Vi veit alle kva som skjer i evangeliet, men sjeldan får vi høyre det på denne måten. Historia om Jesus blir fortald gjennom kvinnene rundt han. I «Jesu virke» er ordet gitt til Maria Magdalena som fortel historia som ei augevitneskildring. Ho fortel at Jesus redda henne frå galskap og prostitusjon, og at ho hadde eit nært forhold til han. Ho var kollega, ven og kvinne.

Det er natta før palmesøndag, og natta før Jesus og følget hans togar inn i Jerusalem. Maria Magdalena fortel om sitt første møte med Jesus, om hans virke frå han vart døypt av døyparen Johannes og om påskeveka. Gjennom Maria kjem vi nærare Jesus, men òg nærare eit historisk faktum som ofte hamnar i skuggen. I følgjet til Jesus var det fleire kvinner som også hadde ein plass i lyssirkelen rundt leirbålet, som respekterte elevar saman med læresveinane.

Sogn og Fjordane Teater kjem til Bjordal kyrkje med denne førestillinga 11. april kl. 19.00. Billettar kan kjøpast på [Ticketco.no](https://www.ticketco.no) og frå [Softeater.no](https://www.softeater.no): Vaksen 330,- Honnør og BOBmedlem 270, Ungdom/student 110,- Velkomen til alle!

KIRKJENS NØDHJELP - FASTEAKSJONEN 2019

Det er eit faktum at ureint vatn drep fleire menneske enn det døyr i krig! Midlane som kjem inn går til å skaffe reint vatn til så mange som mogeleg. For 200 kr kan du gje eitt menneske sikker tilgang på reint vatn livet ut.

I 2017 sytte Kirkens Nødhjelp med sine samarbeidspartnarar for at 2,8 millionar menneske fekk tilgang på reint vatn, 790 000

menneske fekk hygieneopplæring, og 500 000 menneske fekk tilgang på enkelt toalett/litrine. Det nyttar å gje, og hjelpa kjem fram! 90% går til formålet, 5% går til administrasjon, og 5% går til arbeidet med å skaffe meir midlar.

Bøssebærarane kjem til deg 09. april, og vi ber om at du tek godt imot dei!

Gje eit liv med vatn!

Vipps til 2426 (kjøp og betal), SMS VANN til 2426 (200 kr), eller kontonummer 1594 228 7493



Min salme

Namn: Sissel Sørebo

Alder : 70 år

Bustad: Sørebo, Bjordal

Eg vart utfordra til å velje ein salme som eg er glad i. Når det gjeld musikk er det folketonane og visene som eg likte best heilt frå ung alder. Mange av salmane i salmeboka kan syngjast til gamle folketonar. Den salmen eg har valt no, har ikkje folketone. Den er skriven i 1975 av Svein Ellingsen.

Dette var eit oppdrag til ein rikskyrkje-songfest, og melodien vart skriven samstundes, av Trond Kverno. På eit internasjonalt seminar for kyrkjemusikarar skal melodien ha blitt utropt til den aller beste salmemelodien i siste halvdel av det tjuande hundreåret. Den har ein songbar melodi, og den har sidan den kom med i

Norsk Salmebok nr. 678

Vi rekker våre hender frem,
som tomme skåler.
Kom til oss, Gud, og gi oss liv
fra kilder utenfor oss selv.

Alt godt, til vårt og andres vel,
er dine gaver.
I svakhet fremmer du ditt verk,
vår bare kvist skal skyte knopp!

Vi løfter våre hender opp
i bønn for verden.
La dem som lider, finne vern
mot kalde hjerters is og sne!



Norsk Salmebok vore mykje brukt. Salmeteksten har fleire bilete. Eitt er to hender som tomme skåler, eitt anna dei same hendene som nakne tre. Så nyttar han ulike metaforar knytt til vekst og årstider på ein flott måte. Teksten byggjer også på Joh 15,1-8 om Jesus som det sanne vintreet og om greiner som ber frukt.

La våre henders nakne tre
få blomst og blader.
La våre liv få bære frukt
til legedom for andres sår!

Vi venter, efter smertens vår,
din nådes sommer.
Og sorg og glede blir til vekst
med frukt vi ikke selv kan se.

Din nådes skaperverk skal skje
i tomme hender.
O Gud, all godhets giver: Kom,
ta bolig i vår fattigdom!

På Kyrkjebakken

Minikonfirmantar i Høyanger er eit tilbod til dei som vert 11 år dette året. I løpet av mars skal det vere samling følgjande fredagar:

1.mars, 15. mars og 22. mars. Samlingane er rett etter skuletid, frå 12.30 til 14.00. Dersom kyrkja er ledig, møtast vi der. Elles vert samlinga på bedehuset. **29.-31. mars er det minikonfirmantweekend på Alværa.** Då samlast minikonfirmantar frå Høyanger, Balestrand, Hyllestad, Gulen og Solund.

Tårnagenthelgar

I løpet av vinteren har det vore 2 tårnagenthelgar. Først ut var Lavik. Der var 11 1.-4. klassingar på agentsamling i **Lavik kyrkje** ein onsdag i SFO-tida og deretter til tårnagentgudsteneste påfølgjande søndag. Høgdepunktet for mange er å få gå opp i kyrkjetårnet. Slik var det også for agentane i Lavik. Først måtte dei klarte opp ein bratt stige, deretter smyge seg opp i trapp i halv-mørket før dei kom opp i tårnrommet. Det var imponerende at alle vågde seg opp i tårnet! Men før det hadde dei øvd på agenttips; Samarbeid er viktig, og difor måtte dei sjølvstekt bygge tårn på tårnagent-samling. Søndag var alle agentane med å gjere gudstenesta til ei flott oppleving for alle som kom. Dei las, var forsongarar, var med på bønner og i inngangsprosjonen og sjølvstekt framførte dei tårnagentsongen.

I **Høyanger kyrkje** var det tårnagenthelg for Høyanger og Kyrkjebø/Vadheim 2. helga i februar. I **Bjordal kyrkje** skal det vere tårnagenthelg **2. og 3. mars**. Alle i 1.-4. klasse kan då få høve til å vere agentar. Invitasjon finn de på kyrkja si heimeside.

www.hoyanger.kyrkja.no

På t-dagar både på Sørebo og i Lavik har kreativiteten vore stor. Her presenterer vi nokre flotte produkt.



På T-dagen i Lavik i desember var det også juleverkstad. Her ser vi noko av det som vart laga.

I løpet av våren/sommaren skal det vere følgjande trus-opplæringsdagar:



Onsdag 3. april frå kl.10-14. T-dag i **Bjordal/på Sørebo** for 1.-4. klasse. Tema er påske.

Onsdag 10. april frå kl. 11-14: T-dag i **Lavik kyrkje/Balubarommet** for 1.-4. klasse. Tema er påske

Onsdag 12. juni frå kl. 10 – 14. T-dag i **Bjordal/ på Sørebo**. Alder: 1.-4. klasse. Då tema var «Eg er skapt av Gud og unik!» på t-dagen i Bjordal i haust, fekk alle i oppgåve å teikne på ein tallerken. Resultatet vart imponerende.

I **Bjordal** skal det også vere **ungdomskveld** for 8.-10. klasse fredag 15. mars kl. 18-21 i Gamlebanken. Onsdag 3. april er det **Tweens** for 5.-7. klasse frå kl. 17-19. Dette er også i Gamlebanken.



Påskemåltid i Lavik kyrkje

Det er ein mangeårig tradisjon å arrangere påskemåltid i Lavik kyrkje skjærtorsdag. I år er datoen 18. april, og vi startar kl 19.00. Vi dekkjer langbord i kyrkja og held måltid på same måten som jødane gjer når dei minnest det som skjedde då israelittane klarte å flykte frå Egypt og slaveriet under Faraos på Moses si tid. Dette er ei litt «annleis» gudsteneste der alle deltek meir enn det som er vanleg. Vi syng, les forteljingar frå Bibelen og får smake på dei same matrettane som jødane brukar – små rettar som symboliserer ulike deler av denne dramatiske forteljinga. I tillegg har vi eit vanleg norsk kvelds-måltid før vi avsluttar med nattverd. Vi ynskjer små og store frå heile kommunen velkomne til ein spesiell og fin kveld i kyrkja! Lavik sokneråd

Opa kyrkje i Ortnevik

Også i 2019 held vi fram med kveldsmeditasjonar om lag ein gong i månaden. Kyrkja er opa frå kl. 20.00-21.00. Den første halvtimen kan ein nyte musikk, anten orgel v/Anders Brekke eller gitar v/Ole Merkesvik Ådland. Deretter er det «stilletid». Ein vel sjølv om ein vil sitje i benken eller nytte bønner og tekstar som ligg rundt i kyrkja. Lysgloben er tent. Ein kan komme og gå som ein ynskjer denne timen. 25. februar, 25. mars og 6. mai har Ole ansvar for kveldsmeditasjonane. Alle er hjarteleg velkomne!

Påskefeiring på Høyanger sørsida

1. påskedag kl. 11:00 er det gudsteneste i Bjordal kyrkje. Då håpar vi det kjem folk frå alle grendene, slik at vi i soknet kan samlast og feire Jesu oppstode. Onsdag 17. april kl. 20.00 blir det eit kveldsopplegg i Ortnevik kyrkje der ein gjennom tekstar, song og musikk kan vere med på ei vandring gjennom påskedramaet frå palmesøndag til påskedag. Det er Anders Brekke og Sissel Sørebo som har ansvaret for opplegget. Også her håpar vi det kjem mange frå heile soknet!

Hyggjestund på Sørsida Bygdetun

Laurdag 27. april kl. 15:30 samlast vi igjen på stova til song, trekkspelmusikk, andakt, kaffi og samtale om lokalhistorisk tema. På møtet i januar byrja vi å fortelje gamle gåter, og det var mange som hugsa att gåtene frå mange år attende. Tenk over om du kjem på fleire som du vil få forsamlinga til å gjette. Denne gongen vil vi i tillegg snakke om mat og måltidstradisjonar på 1940/50-talet. Kva åt ein og korleis oppbevarte ein maten? Korleis var dags-rytmen? Dette er eit tema som absolutt alle har erfaring med, så vi tippar det vert stort engasjement! Vel møtt til dykk som har heimen på Bygdetunet, og til bygdefolk elles!

Dugnad ved Bjordal kyrkje

Måndag 29. april kl. 17:00 kan du vere med på den tradisjonelle vårdugnaden i og ved Bjordal kyrkje. Det er alltid litt å rydde etter vinteren før dei som har ansvaret for kyrkjegardsslåtten byrjar om våren. Det er fint om ein lokalt også kan ha auge for at det er ryddig på gravplassane i Ikjefjord og Ortnevik. Når fleire jobbar i lag blir arbeidet ofte triveleg!

Køyring til samlingane i kyrkjelyden

Treng du nokon å sitje på med for å komme til kyrkjelyden sine arrangement? Desse personane vil gjerne ta deg med i bilen sin når det høver for dei: Ann Iren Østerbø tlf. 47861872, Mari-Ann Lund Fridtun tlf. 91798311/57710546, Alf Magnar Svartemyr tlf. 46924792, Bjørn Rørtveit tlf. 57710153, Roald Jensen tlf. 95223286 og Liv-Gunnbjørg Søreide tlf. 99522856. Det er hyggjeleg å vere fleire i bilen, og det er ressursparande å køyre i lag. Ta gjerne kontakt dagen før. Velkommen til kyrkje, til gudstenester lagt til andre stader, til andaktar og hyggjestunder på Sørsida Bygdetun, til konsertar og kyrkjelydsamlingar elles! Vi har ikkje så mange gudstenester i året, og då blir det ekstra viktig at vi er innstilt på å køyre til begge kyrkjene frå heile soknet.

Bjordal & Ortnevik sokneråd

DET SKJER PÅ ALVÆRA



21. -22. mai: Leirdagar for 2. – 4. klasse
02. juni: Alværastemnet. 14. – 16. juni: Familieleir
24. – 26. juni: Sommarleir for 2. – 6. klasse

Informasjon kjem på heimesida www.alvera.no og/eller på facebookside AlværaMisjonscenter, eller på heimesida til nmsu bjørgvin

Mvh. Elias Z. Espeseth, Dagleg Leiar | NMS Misjonscenter Alværa
+47 48990661 www.alvera.no www.nms.no

Krevjande for Alværa misjonscenter

Alværa misjonscenter har sidan 1982 vore den sentrale leirstaden i Ytre Sogn. Bygget er eigd av Det Norske Misjons-selskap (NMS), men har vore nytta av kyrkjelydar og andre grupper frå heile fylket. Det er i hovudbygningen 13 soverom med 57 sengeplassar, møtessal for 60 personar og peisestove med plass til 40. I tillegg kjem 2 hytter med 4 sengeplassar i kvar. Senteret ligg svært idyllisk til ved fjorden.

NMS har – som andre misjonsorganisasjonar - eigd eit stort tal med bygningar. Når inntektene til misjonsorganisasjonane dei siste åra har gått nedover, har ein måtta sjå på kva rolle bygningsmassen spelar i totaløkonomien. Eigedommar har vorte selde for å betre driftsresultatet. Det er almen semje om at hovudorganisasjonen ikkje kan dekke underskot i eigdomsforvaltninga. For å endre på dette samla landsstyret i NMS alle eigedommane sine i eigdomsavdeling (2009) og deretter i eit eigdomsselskap (2017). Dette for å få betre kompetanse i eigdomsforvaltninga, få betre økonomisk oversikt og få avkastning på eigdomskapitalen.

Når det gjeld Alværa, er konsekvensen at misjonscenteret må ha ei drift som går med overskot. Som ved andre leirstader, er lønskostnadane den største utfordringa. Med dei inntektene som Alværa har hatt den seinare tida, har NMS eigedom fastslege at det ikkje er grunnlag for å ha meir enn ei 20% stilling knytt til misjonscenteret. Som ei følgje av dette er dagens styrar oppsagt.

Utan nokon fast tilsett på Alværa vil det vere ei stor utfordring å drifte Misjons-centeret vidare. For tida er ei lokal gruppe i samtalar med NMS Eigedom for å finne ut av moglege løysingar.

NMS Eigedom ser positivt på alle lokale initiativ. Skal Alværa misjonscenter også for framtida kunne vere ein god leirstad for NMS og kyrkjelydane i regionen, er det nok naudsynt med ei sterkare lokal styring og lokalt engasjement. Det vil alltid trengast ein stor dugnadsinnsats og eit vesentleg samarbeid med andre lokale aktørar når det gjeld overnatting og trong for selskapslokale. Denne utfordringa vil ei lokal styringsgruppe arbeide med framover.

Geir Sørebo

I GLEDE OG SORG

DØYPTE

Høyanger

10.02.19 William Lundøy Fossheim

Kyrkjebø

21.10.18 Selma Eriksen Vefring

03.02.19 Kristian Kolsrud

Ortnevik

14.10.18 Amalie Saanum Brandtzæg

Lavik

25.11.18 Edvard Kvalvaag

03.02.19 Sander Støldal Buene

24.02.19 Gabriel Augustin Zimmermann

Espeseth



DØDE

Høyanger

06.11.18 Lars Johan Sandvik

24.11.18 Evelyn Johanne Gunnarskog

28.11.18 Johanne Fristad

29.11.18 Solveig Marie Løseth

01.12.18 Aud Johanna Sviggum

16.12.18 Dagfrid Breidablik

17.12.18 Dagmund Systad

24.12.18 Zofia Olsen

03.01.19 Anne Brith Hansen

11.01.19 Karolina Ytredal

12.01.19 Ingeborg Breidvik

15.01.19 Tom Grymyr Hansen

23.01.19 Leif Sverre Vadheim

Kyrkjebø

09.01.19 Johan Kyrkjebø

Bjordal

20.12.18 Gunn Nesheim Iversen

Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast, som somme plar gjera. Men lat oss setja mot i kvarandre, og det så mykje meir som de ser dagen nærmar seg.” (Heb.10,25)

Gudstenester

24. februar Kristi forklaringsdag

Kl. 11:00 Lavik v/Geir Sørebo

03. mars Fastelavenssøndag

Kl.11:00 Bjordal v/Geir Sørebo og Toril Lange, Tårnagentar

Kl. 17:00 Vadheim v/Runar Matsui-Li

05. mars

Kl.19:30 Kulturkveld i Høyanger kyrkje m/biskop Halvor Nordhaug og lokale aktørar.

10. mars 1. søndag i fastetida

Kl. 11:00 Kyrkjebø v/Halvor Nordhaug og Runar Matsui-Li, Visitasgudsteneste

17. mars 2. søndag i fastetida

Kl. 11:00 Ortnevik v/Geir Sørebo

Kl. 18:00 Lavik v/Geir Sørebo

24. mars Maria Bodskapsdag

Kl. 11:00 Høyanger v/Runar Matsui-Li, Dåp, Samtalegudsteneste

31. mars 3. søndag i fastetida

Kl. 11:00 Vadheim v/Runar Matsui-Li, Samtalegudsteneste

07. april 4. søndag i fastetida

Kl. 11:00 Lavik v/Karl Hjelmeland

Kl. 16:00 Ortnevik v/Toril Lange, Samtalegudsteneste

14. april Palmesøndag

Kl. 11:00 Kyrkjebø v/Runar Matsui-Li
50 og 60 års konfirmanter,

18. april Skjærtorsdag

Kl. 11:00 Høyanger v/Runar Matsui-Li

Kl. 19:00 Lavik v/Toril Lange, Påskemåltid

19. april Langfredag

Kl. 17:00 Vadheim v/Runar Matsui-Li

20. april Påskennattsgudsteneste

Kl. 23:30 Kyrkjebø v/Runar Matsui-Li

21. april Påskedag

Kl.11:00 Bjordal v/Åge Palmesen

Kl.17:00 Høyanger v/Runar Matsui-Li

Kl.19:30 Lavik v/Runar Matsui-Li

28. april 2. søndag i påsketida

Kl. 11:00 Vadheim v/Runar Matsui-Li

Konfirmasjon

05. mai 3. søndag i påsketida

Kl. 11:00 Høyanger v/Runar Matsui-Li

Konfirmasjon

12. mai 4. søndag i påsketida

Kl. 11:00 Kyrkjebø v/Runar Matsui-Li

Konfirmasjon

17. mai

Kl. 10:00 Høyanger v/Runar Matsui-Li

Kl. 11:00 Bjordal v/Vikar

Kl. 11:15 Vadheim v/Runar Matsui-Li

Kl. 12:45 Kyrkjebø v/Runar Matsui-Li

Kl. 13:00 Ortnevik v/Vikar

Kl. 13:00 Lavik v/Andreas Ester

19. mai 5. søndag i påsketida

Kl. 11:00 Bjordal v/Andreas Ester og Toril Lange, Konfirmasjon

Kl. 13:00 Ortnevik v/Andreas Ester og Toril Lange, Konfirmasjon

26. mai 6. søndag i påsketida

Kl. 11:00 Lavik v/Andreas Ester og Toril Lange, Konfirmasjon

Kl. 17:00 Høyanger v/Runar Matsui-Li

02. juni søndag før pinse

Kl. 11:00 Kyrkjebø v/Runar Matsui-Li

Kl. 16:00 Bjordal v/Andreas Ester

Kl. 17:00 Vadheim v/Runar Matsui-Li

09. juni 1. Pinsedag

Kl. 11:00 Høyanger v/Runar Matsui-Li

Kl. 11:00 Lavik v/Andreas Ester

Kl. 16:00 Ortnevik v/Andreas Ester

10. juni 2. Pinsedag

Kl. 15:30 Måren v/Runar Matsui-Li

NB: Det kan skje endringar, så følg med i kalendaren på Facebook og på heimesida vår: www.hoyanger.kyrkja.no

INFORMASJON Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger


Dagen etter ser døyparen Johannes Jesus koma gåande mot seg og seier: «Sjå der er Guds lam som ber bort synda i verda! Det var om han eg sa: Etter meg kjem det ein som er komen før meg. Eg visste ikkje kven han var, men for at han skulle bli openberra for Israel, er eg komen og døyper med vatn.» Og Johannes vitna og sa: «Eg såg Anden dala ned frå himmelen som ei due, og Anden vart verande over han. Eg visste ikkje kven han var, men han som sende meg for å døypa med vatn, han sa til meg: Den du ser Anden dala ned over og bli verande over, han er den som døyper med Den heilage ande. Og eg har sett det, og eg har vitna: Han er Guds son.» Joh. 1,29-34.

Bileta er måla av Ida-Emilie, Ingrid og Aisha på Kyrkje- og misjonsdagen på Alværa, og vart brukt under preika på tårnagentgudstenesta i Lavik neste dag.